

Årsmelding 2019-2020

Mobbeombodet i Vestland

Innhold

Forord.....	3
Oppmodingar.....	4
Mobbeombodet i Vestland	6
Førespurnadane	7
Kva type spørsmål får ombodet?	9
Kva dreier førespurnadene seg om?	11
Tendensar og ombodet sine erfaringar	12
Anna arbeid.....	14
Innlegg og føredrag	14
Mobbeombodet sitt arbeid under koronapandemi	15
Nettsider, sosiale medium og media	15
Samanslåing og vegen vidare	15

Foto: Atle Kold Hansen, Vestland fylkeskommune

Illustrasjonar: Barn i Vestlan: d Sigurd (4 år), Eirinn (6 år) og Jenny (13 år)

Forord

Dette er årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til fylkestinget. Årsmeldinga gjeld for barnehage- og skuleåret 2019-2020, og er skriva med utgangspunkt i dei førespurnadane som har kome til mobbeombodet og det arbeidet som har vorte gjort.

Ombodet si årsmelding er ikkje ein tilstandsrapport om utrygge psykososiale miljø i barnehagar og skular i Vestland. Dei fleste opplever trygge miljø. Våre erfaringar er først og fremst viktige for å tydeleggjere svakheiter og forbettingspotensial.

For å kunne sjå eit større bilete av kor vanskane oppstår, er det avgjerande å registrere og loggføre førespurnader. Vi har fletta saman arbeidet frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestland – i ein rapport. Det gjer det lettare å kunne sjå tendensar og utvikling over tid.

Å rapportere til fylkestinget dreier seg om å vise til kva og korleis ressursar har vore nytta, men enno meir å peike på kvar skoen trykkjer og kva grep som kan vere eigna i det vidare arbeidet i fylkeskommunen og kommunane. Vi ber særleg om at ansvarlege politikarar, administrasjon og tilsette i skule og barnehage løftar og bruker årsmeldinga.

Les den, lytt til erfaringane frå elevar, foreldre og tilsette, og kontakt oss gjerne om du vil høyre meir!



Aina Drage og Mari-Kristine Morberg
6.7.2020

Oppmodingar

«Vi ser kvar det gjer vondt».

Gjennom førespurnadane til ombodet får vi innblikk i kvar skoen trykker, kva som fungerer og kva som ikkje fungerer når barn og unge opplev utrygge barnehage- og skulemiljø. Som mobbeombod kan vi

til dels sjå kvar motstand oppstår og kvar det gjer vondt. Oppmodingane våre er basert på spørsmåla og førespurnadane som har kome til og kva tendensar vi ser går igjen i sakene vi er involverte i.

Målet med årsmeldinga vår er mellom anna å aktivisere alle gode krefter som bidreg til trygge og gode barnehage- og skulekvardagar. For å nå dette målet, må vi vere villige til å reflektere over eigne haldningar, snakke saman og justere eigen praksis. Om alle barn og unge i Vestland skal få ein trygg og god barnehage- og skulekvardag treng vi at akkurat du engasjerer deg og gjer ein skilnad. Dette er ikkje ein kamp tilsette i barnehagane og skulane kan stå i aleine, - alle kan gjere noko.

Vi ønskjer at du som les årsmeldinga vår, om du er skuleleiar, tilsett i barnehage, føresett eller elev, stiller deg nokre spørsmål på vegen: «Kva kan eg gjere? Kva må eg spørje etter hos lærarane, dei tilsette, kollegaen min, hos leiaren min og hos lokalpolitikaren?» Om du er uroa for eit gruppemiljø, kan du ta tak i det. Om du ikkje har løysinga, så våg likevel å spørje, våg å peike på eventuelle systemmanglar i eigen organisasjon, og legg på press for å nå måla. Når alle aktørar stiller spørsmål og har forventning til kvarandre, bidreg vi til medvit kring eigen praksis – noko som er heilt avgjerande i arbeidet med å førebygge og handtere mobbing eller urolege miljø.

Eit stikkord i oppmodingane våre er *kompetanse*¹. I tillegg er tid, ressursar og kultur viktige omgrep. Kva for kultur det er i personalet for å jobbe med psykososialt miljøet påverkar i stor grad det kollektivet arbeidet og resultatet.

På bakgrunn av førespurnadane og sakene vi har fått innsyn i, kjem vi med følgjande oppmodingar til kommunepolitikarar og barnehage- og skuleeigar:



1) **Alle tilsette må ha kompetanse til å ta i mot barn som fortel** om at dei ikkje har det bra på skulen. Den tilsette må lytte, tru på eleven og vise relasjonskompetanse i praksis.

2) **Alle tilsette i barnehage og skule må ha kompetanse om aktivitetsplikta, sosiale prosessar og mobbing.** Dette inneber mellom anna a) forståing for korleis kulturen i barnegruppene påverkar den einskilde i gruppa, b) felles forståing for kva mobbing er og korleis det kan oppstå, c) forståing for korleis samarbeid mellom vaksne påverkar barnegruppa, og d) korleis relasjonskompetanse, god kommunikasjon og sakshandsaming i seg sjølv er med på å løyse ei sak.

3) **Spisskompetanse**, til dømes gjennom skuleteam eller kommunale innsa tsteam. Kompetansen i kommunen bør vere på plass til ei kvar tid og brukast aktivt i både førebygging og

¹ «Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenkning» (henta frå www.udir.no)

handtering av miljøsaker. I tillegg til å vere ein fagleg støtte og ressurs, kan slike team bidra til opplæring for tilsette og utvikling av barnehage- og skulekultur.

4) **Samarbeid mellom skule og heim må få meir konkret innhald og organisering.** Det er naudsynt med eit systematisk samarbeid med heimen, frå barnehage og gjennom alle åra på skule, slik at det opplevast trygt for dei føresette å delta i arbeidet. Foreldremøte bør i størst mogleg grad handle om å skape dialog mellom foreldre, som gir rom for forståing og respekt for kvarandre. Det er viktig at foreldre får høve til å medverke i saker som gjeld deira barn og barnegruppa. Digital dømmekraft bør vere eit av samarbeidsområda.



"Ein snill vaksen" – Eirinn (6 år)



Aina Drage og Mari-Kristine Morberg.
Foto: Atle Kold Hansen

Mobbeombodet i Vestland

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn, elevar i grunnskulen og føresette i Vestland, og skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. I Vestland var det i 2019 registrert 34 477 barn i barnehagar og 77 286 elevar i grunnskulen².

Bakgrunn

Mobbeombodet i Vestland er samansett av dei tidlegare mobbeomboda i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Mari-Kristine Morberg vart tilsett som mobbeombod i Hordaland i 2015, med ansvar for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Frå august 2018 vart ansvarsfeltet utvida til å inkludere barn i barnehage og elevar i grunnskule.

I april 2018 vedtok fylkestinget i Sogn og Fjordane å delta i nasjonal ordning med mobbeombod for barn i barnehage og elevar i grunnskulen. Aina Drage vart tilsett i prosjektstillinga frå august 2018.

Det nye mandatet for mobbeombodet i Vestland blei vedteke 10.6.20³. Fram til det nye mandatet vart vedteke har mobbeombodet jobba etter mandata for dei to fylka.

Organisering

Mobbeombodet er uavhengig av politiske og administrative myndigheiter. Ombodet er, saman med elev- og lærlingombodet, plassert i fylkesrådmannen sin stab, under organisasjon og økonomi. Ombodet har kontorstad på fylkeshusa på Leikanger og i Bergen.

Mobbeombodet i Vestland jobbar med saker som gjeld det psykososiale miljøet for barn i barnehagen og elevar i grunnskulen.

Oppgåver

Ombodet strukturer arbeidet på ulike nivå; individnivå, systemnivå og samfunnsnivå. Som lågterskeltilbod til føresette og barn i barnehage og grunnskule prioriterer ombodet alltid arbeid på individnivå; dette gjeld i hovudsak førespurnader frå barn og vaksne med uro kring psykososialt miljø. Barn og føresette til barn i barnehage og skule som tek kontakt, får svar og tilbod om samtale, råd og rettleiing – som regel i løpet av dagen eller seinast innanfor neste verkedag.

Arbeid på system- og samfunnsnivå vert skildra lenger ut i rapporten.


² Kjelde: skoleporten.no og barnehagefakta.no.

³ Mobbeombodet sitt mandat: <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/mobbeombodet/kva-er-og-kva-gjer-mobbeombodet/>

Førespurnadane



	Hordaland haust 2019	Sogn og Fjordane haust 2019	Vestland vår 2020	Totalt
Barnehage	3	0	5	8
Grunnskule	42	21	65	128
VGS	15	1	9	25
Andre*	15	1	3	19
Totalt	75	23	82	180

Det har vore nokre færre førespurnadar enn forventa i 2019-2020. Dette antar vi mellom anna har med stengte skular og barnehagar våren 2020 å gjere. Våren 2020 kom 71% av førespurnadane før 12. mars. 5% kom under stenging eller ved delvis stengde skular og barnehagar. 24% av førespurnadane kom etter 11. mai, då dei fleste skulane skulle ha opna att.



Det er, som tidlegare år, få saker som gjeld barn i barnehage, men vi ser ein liten auke. Alle førespurnadane gjeld 4- og 5-åringar. Neste år, med oppdatert barnehagelov, ventar vi eit auka fokus på trygge og gode barnehagemiljø, og følgeleg fleire førespurnadar til ombodet.

Det har også i år vore flest førespurnadar på mellomtrinnet. I år utpeikar 6. trinn seg.



Langt dei fleste førespurnadane kjem frå føresette, men ombodet mottek òg førespurnadar frå tilsette i barnehage/skule. Nokre få kjem frå elevar sjølve.

I 2019-2020 har det vore fleire førespurnadar som gjeld jenter enn førespurnadar som gjeld gutar.

53% av førespurnadane har gjelde jenter, 35% gutar, medan i 12% av førespurnadane er anten fleire kjønn involverte eller kjønn er ukjent.

Kva type spørsmål får ombodet?

Mobbeombodet får ei lang rekke spørsmål knytt til sakene. Her har vi trekt fram nokre av dei som går igjen oftast, frå føresette og frå tilsette og støttesystemet til barnehagen og skulen.



- | | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none">- Kva skal vi gjere? Barnet vårt har det ikkje bra på skulen. Skulen tek oss ikkje på alvor. Skulen legg alt ansvar over på mitt barn og på oss. Han/ho får ikkje hjelp.- Utrygt klassemiljø, kva kan vi gjere? Det er mykje bråk og uro i klassen. Det er mye endring på grupper og lærarar.- Skulebytte: Kan vi byte skule? Er det klokt? Korleis går ein fram?- Fylkesmannen: Kva kan fylkesmannen hjelpe oss med? Bør vi melde saka dit?- Korleis kan vi foreldre bidra for å rydde opp i klassemiljøet?- Organisering på skulen – kan dei ikkje skilje elevane? Må klassen ha den læraren? Skal ikkje «mobbaren» flyttast?- Bør vi melde til politiet? | <ul style="list-style-type: none">- Ulike syn: Vi ser ikkje det same som heimen, kva skal vi gjere?- Verktøy: Har du råd eller tips om framgangsmåte og nyttige verktøy?- Lovtalking: Korleis skal vi forstå denne delen av lova/regelverket?- Nytt blikk: Vi treng nokon som kan sjå på saka med nye auge, kan du hjelpe oss?- Uroleg for handtering: Eg trur ikkje rektor/leiar følgjer lova, han/ho tek ikkje tak i saka, kva kan eg som tilsett gjere?- Ikkje på skulen: Barna/ungdommane som deltek i mobbinga går på andre skular, kva kan vi gjere? |
|--|---|

Vi er takksame for å få lov til å vere mobbeombod for alle barna i som går i barnehage og grunnskule i Vestland og vi er auadmjuke for historiene dei og foreldra deler med oss. Historiene vi får høre er særleg sterke når det er barn som fortel dei sjølve.

I tillegg til det barna fortel om kva dei blir utsette for, så fortel dei om at dei ikkje får vere med å utforme tiltak i saker. Ofte veit dei ikkje om når og kva tiltak som blir sett inn. I tillegg opplev ein del elevar at skulen sine løysingar kan vere med å gjere situasjonen verre. Det kan vere vanskeleg for vaksne å sjå at tiltak kan vere stigmatiserande.

Som ombod får vi òg nokre gonger gode tilbakemeldingar; det kan vere at situasjonen er i ferd med å endre seg til det betre, eller at vår hjelpa har vore ei god støtte. Det sett vi alltid pris på. Det er ikkje noko som varmar meir enn når vi får tilbakemelding frå barn eller føresette som fortel at det går betre.

Dei vaksne på skulen seier det er greitt å vere annleis. At det ikkje gjer noko at eg gjer ting på andre måtar enn dei andre i klassen. Men det er ikkje sant. Alle ser at eg ikkje gjer det same som dei.

gut 9 år

Dei vaksne seier til dei andre jentene at dei må vere med meg, men då føler eg at dei eigentleg ikkje vil vere med meg. Eller dei seier at eg berre må finne nokon andre å vere med. Det er ikkje så lett.

jente 11 år

Hei, det har so langt gått fint etter at skulen starta opp att. Vi har noko betre kvardagar no. Det hare vore ein lang veg å gå, men vi er letta over at utviklinga endeleg er på rett veg.

ein far

Dette hadde vi aldri greidd å stå i utan deg.

eit foreldrepar

Hei! Takk for kjapt svar, for samtale og nyttig informasjon :)

ei mor

Hei og takk for sist! Du var til stor hjelp for oss. Vi har og har hatt gode prosesser og tiltak i saken. Vi lurte på om det var mulig å booke deg for et foreldremøte?

ein skuleleiar

Kva dreier førespurnadene seg om?

Elevar og føresette fortel om eit **samansett bilete**. Ofte er det fleire utfordringar knytt til ei og same sak. Barn i Vestland fortel om einsemd, utestenging, i tillegg til verbale og fysiske krenkingar. Dei blir kasta ball på, stukke med spisse objekt, dytta ned i søla, stengd inne i rom eller i bosspann, dei har øydelagde klede, sykkel eller andre ting, dei blir slått ned eller sparka (nokre med brot som konsekvens) og teke kvelartak på. Nokre førespurnadar gjeld utrygge barn som krenker andre. Andre førespurnadar handlar om identitetsbaserte krenking: til dømes på bakgrunn av kjønnsidentitet, funksjonsevne eller etnisitet.

I om lag 1/5 av førespurnadane er **hovudutfordringa digitale krenkingar** på sosiale medium. Det blir laga eller delt bilete og video, ryktespreiing og trugslar. Sosiale medium er eit element i nær alle saker frå mellomtrinnet og opp.

Ein del av barna fortel om situasjonar i skulen der **vaksne er ein utrygg faktor**. Det kan til dømes vere at dei ikkje tar tak i eller grip inn i utestenging og krenkingar. Det kan vere at dei skapar konkurranse i klassen og gjer det vanskeleg å svare feil. I tillegg handlar om lag 11% av førespurnadane om **tilsette som krenker elevar**. Det kan vere grove verbale overtramp, men også fysiske handlingar (gripe nokon hardt eller halde dei nede med makt over lengre tid).

Skulen eller barnehagen si handtering av saken er òg eit viktig element for dei sakene som når ombodet. Saker som blir løyst greitt, kjem ikkje på ombodet sitt bord. I nær alle sakene ser ombodet forbettingspotensial i samarbeid og kommunikasjon mellom skule og heim.

Det er ein hårfin balanse i nokre av desse sakene, - på eit eller anna punkt går tilsette frå å vere ein utrygg faktor, til å bli å bli ein del av saksbiletet. Det som skjer i sakshandsaminga blir ei tilleggsbelastning og krenking i seg sjølv.

Mange fortel at dei ikkje blir teke på alvor av skulen, eller dei opplever at skulen er oppteken av å plassere skuld. Typiske eksemplar på dette er: «det er barnet som feiltolkar», «barnet er trygt, det må vere noko heime hos dykk». Det er ein hårfin balanse i nokre av desse sakene, - på eit eller anna punkt går tilsette frå å vere ein utrygg faktor, til å bli å bli ein del av saksbiletet. Det som skjer i sakshandsaminga blir ei tilleggsbelastning og krenking i seg sjølv.

Foreldre blir fortvila når dei får høyre frå skulen at «dei har gjort alt dei kan», «de må hugse på at vi også har andre barn på skulen». Foreldre veit godt at det er andre barn på skulen og at skulen må ta omsyn til alle, men det løyser ikkje problemet for dette barnet.

Andre hendingar som barn og foreldre opplever er at: saker blir teke opp i klassen utan at barn og foreldre er informerte, det blir sendt ut informasjon til andre foreldre utan samtykke, lærarar seier at dei ikkje veit kva ein aktivitetsplan eller handlingsplan er, skuleleiing nektar å oppdatere planen med konkrete tiltak, tiltaka som er avtalt blir ikkje gjennomførte. Nokre elevar opplever også å få melding av lærar at dei må byte skule om dei ikkje skjerpar seg, og fleire foreldre opplever at skulen «trugar» med barnevernet.

I om lag 10% av sakene frå grunnskulen fortel foreldre om **skulevegning**. Andre **symptom** som går igjen er vondt i magen, mareritt, problem med å sove, vil ikkje på skulen, ønskjer å byte skule, depresjon og angst, endra spisevaner og sjølv mordstankar. I ein del av desse tilfella er andre hjelpeinstansar kopla på, til dømes PPT eller BUP.

Mobbeombodet fekk i 2019-20 saker med **tidsspenn frå nokre veker til over åtte år**. Dei fleste sakene har gått føre seg i meir enn 1-2 år når omboda får kjennskap til saka. Mange fortel at det starta i barnehagen eller i første klasse. Det er heller ikkje uvanleg at det oppstår i 5.-6.klasse. Under 1% av førespurnadane dette året gjeld saker ombodet tidlegare har vore kopla på.

Tendensar og ombodet sine erfaringar



Barn som leiker - Eirinn (6 år)

Det gjerast ein enorm innsats for barn og unge i skule og barnehage kvar einaste dag. Dei aller fleste barn har det fint i barnehagen og fint på skulen. I dei tilfella det likevel går galt, så veit vi at barn som regel blir teke på alvor. Dei blir møtt av varme vaksne som lyttar, anerkjenner og handlar. Vi ser enorm vilje til å hjelpe barn og unge som har det vanskeleg.

Likevel er det enno ein stor jobb å gjere i mange kommunar, skular og barnehagar. Som vi har vist gjennom skildringa av

sakene i 2019-2020 er det problemstillingar som går igjen, og mobbeombodet ser fleire av dei same utfordringane vi har sett dei føregåande åra. Vi vil trekke fram nokre av desse tendensane.

Aktivitetsplikta i skulen

I 2017 vart opplæringslova endra og vi fekk enda tydelegare krav etter kapittel 9A om eleven si rett til eit trygt og godt skulemiljø. Vi ser at stadig fleire skular utviklar handlingskompetansen sin knytt til eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. For elevar og føresette skapar dei tydelege lovkrava tydelege forventningar til barnehagen og skulen. Det meiner vi er bra.

Aktivitetsplikta⁴ består av fleire delplikter. Mobbeombodet ser i førespurnadane brot på dei fleste av delpliktene, men nødvendigvis ikkje alle i same sak.

Følgje med – barn opplever at vaksne ikkje får med seg det som skjer. Mange stader manglar det **felles forståing** for kva det vil seie å følgje med. Dette gjer at tilsette kan bli usikre på kva ein konkret skal følgje med på og korleis ein kan gjere det.

Gripe inn – barn fortel om vaksne som går forbi og som ikkje grip inn og dermed let ting skje.

Varsle – det er ulik terskel for å varsle. Det går igjen i saker at ein kan ha fleire rundar med lærar før «eg varslar rektor og vi «opprettar» 9A-sak». Dette er òg ein diskusjon som går igjen når ombodet deltek på planleggings dagar og fellestid.

⁴ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#%C2%A79a-1

Undersøke – mobbeombodet erfarer at det er her dei største utfordringane ligg. Undersøkingar som skulen gjer er ofte ikkje grundige nok, eller ein informerer ikkje nok om undersøkingane som er gjort. For å sette inn treffsikre tiltak, må ein undersøke saka breitt. Ein kan ikkje berre sjå på individ. Ein må sjå på gruppa, på samspel mellom barn og mellom vaksne og barn, og finne oppretthaldande faktorar.

Tiltak (og evaluering) – tiltaka er ofte lite konkrete, dei blir ofte retta mot individ. Mange tiltak dreier seg om å behandle «symptom», til dømes hastetiltak for å trygge eleven her og no. Dette er òg nødvendig, men adresserer i liten grad kva som ligg bak. Det hender òg at tiltak ikkje blir gjennomført, at plan B eller evaluering manglar.

Barnegruppa som kollektiv

Tilsette i barnehage og skule løftar ofte ei uro om at fokuset på barnet sine rettigheter gjer at ein mister kollektivet av syne. Dei fortel at nokre foreldre ikkje evnar å sjå at andre barn òg har rett til eit trygt og godt miljø, og at barnehagen/skulen må ivareta alle.

Det kan, og vil ofte, vere ei krevjande sak for skulen å balansere alle barna sine behov. Utrygge klassemiljø er eit problem som går igjen. Foreldre er redde for å presse skulen, i frykt for å bli sett på som dei vanskelege foreldre og at det igjen vil ramme eigne barn.

Det er mogleg for skulen å lage aktivitetsplanar for ein klasse eller ei gruppe. Likevel får nokre føresette beskjed om at dei må melde frå om utrygt skulemiljø på individnivå til skulen. Skulen vil ikkje behandle saka som ein klassemiljøsak. Her meiner vi at barnehage- og skuleeigar har ei viktig oppgåve. I mange tilfelle kan det vere klokt å nytte framgangsmåten etter § 9A-4, med undersøkingar og skriftleg plan, også der utfordringa gjeld uheldig samspel på gruppenivå.

Fylkesmannen har ikkje mynde til å handsame saker som gjeld ei gruppe eller ein klasse. Ein må melde frå til fylkesmannen som individ. Vi ser at i ein del saker er dette uheldig, då vi veit at trygge miljø ofte handlar om meir enn ein person som krenker og ein person som blir krenka.

Kommunikasjon, tillit og foreldresamarbeid

I krevjande saker ser vi at i tillegg til barn som har det vondt, finst det òg slitne, redde og makteslause vaksne. Barnehage- og skuleeigarane har mykje å vinne på å sørge for at skulane og barnehagane har ressursar, det vil seie personale som har kompetanse til å møte barn og foreldre på gode måtar. Vi ser at i mange av sakene tek foreldre eit ansvar dei ikkje skal ha.

Barn og foreldre treng informasjon. Dei er ofte urolege og sårbare i ein vanskeleg situasjon. Barnehagar og skular bør difor gi så mykje og så god informasjon som dei kan. Mange opplever at skulen/barnehagen «gøymar seg» bak teieplikt. I nokre tilfelle kan skulen/barnehagen fortelje meir eller dei kan vurdere å få samtykke til å dele informasjon.

Tillit er eit nøkkelord. Om det har teke tid før skulen eller barnehagen har fått med seg det barnet har stått i, så er ein på minussida allereie før arbeidet startar. Ein må bygge opp igjen tillit for å vise at det er trygt for barnet.

Vi ser at familiar som har vore i saker lenge, vert ekstra sensitive på all kommunikasjon. Både munnleg og skriftleg kommunikasjon får ekstra dimensjon og tyngde. Til dømes vil formuleringar som «så langt det er mogleg» ikkje vekke tillit. I og med at tilliten allereie er broten, vil foreldre ofte lese dette som «i liten grad» eller kanskje «ikkje i det heile».

Skulen under korona og heimeundervisning

Då Noreg stengde ned 12.mars 2020, vart òg mobbeombodet sin telefon svært stille.

Ombodet kjenner til at mange barn opplevde tida med avgrensa fysisk kontakt og heimeundervisning som vanskeleg. Dei ville hatt det betre på skulen. Men nokre elevar opplevde tida som god. Dei fekk ei pause frå sosiale utfordringar, som i sin tur opna for meir fagleg meistring og auka arbeidsinnsats. Foreldre som har teke kontakt med ombodet, fortel at dei har sett åtferdsending i eigne barn og dei har fått ei utvida forståing for korleis skulekvardagen har prega barnet.



"Koronavirus", Sigurd (4 år)

I samband med gjenopning av skulen var det ei stor glede for dei aller fleste å gå ut av det digitale klasserommet og kunne møtast på skulen att. Samstundes fekk mobbeombodet på ny ein del meldingar frå føresette. Nokre av dei som hadde opplevd heimeundervisninga som god, var uroa for korleis skulekvardagen kom til å bli etter korona, og om skulen ville ta i bruk ny kunnskap om barnets trivsel og faglege arbeid.

I tida med heimeundervisning ser vi at unge barn har fått auka tilgang til digitale verktøy og plattformer. Mange av skulane har nytta høve til å jobbe med digital dømmekraft. Det er bra! Digital dømmekraft er noko ein må øve på heile tida. Vi oppmodar skulane om å fortsette dette arbeidet hausten 2020, saman med elevar og føresette.

Anna arbeid

Innlegg og føredrag


	Hordaland haust 2019	Sogn og Fjordane haust 2019	Vestland vår 2020	Totalt
Innlegg/føredrag	22	18	13	53

Informasjonsarbeid er viktig for mobbeombodet. Ombodet prioriterer å vere synleg ute i barnehagar og skular. Mobbeombodet i Vestland har halde 53 innlegg, workshop og føredrag i 2019-2020.

Meir enn 10 førespurnadar om å halde innlegg måtte vi takke nei til eller utsette meir enn seks månader på grunn av manglande kapasitet (Hordaland haust 2019).

10 planlagde besøk blei avlyst på grunn av korona. Mobbeombodet har gjennomført eitt digitalt foreldremøte våren 2020.

Mobbeombodet sitt arbeid under koronapandemi



For mobbeombodet gav perioden da skulane og barnehagane var stengde høve til å jobbe meir med internt arbeid, nettverksarbeid og nasjonalt samarbeid for elev-, lærling og mobbeombodstenesta. Rolleforståing, verdigrunnlag, teori og praksis har vore sentrale tema.

Saman med andre elev-, lærling og mobbeombod i Noreg har vi òg teke del i å skrive høyringsuttale til ny opplæringslov.

Nettsider, sosiale medium og media

På nettsida www.vlfk.no/mobbeombodet finn ein informasjon om kva ombodet gjer og korleis ein kan få hjelp av ombodet. Mobbeombodet i Vestland er på Facebook.⁵ Her deler vi relevant informasjon, tips og nyhende. Facebook-sida er hovudsakleg retta mot føresette, men tilsette i oppvekstfeltet kan og ha nytte av sida. Sida har nærare 800 følgjarar. Facebook-sidene for Sogn og Fjordane og Hordaland er ikkje lenger aktive. Mobbeombodet er òg på Snapchat⁶, denne kontoen er retta mot unge over 13 år.

Mobbeombodet har framleis ein veg å gå med å informere om tenesta, slik at alle innbyggjarane i Vestland veit at det finst eit mobbeombod for barnehagebarn og elevar i grunnskulen. Mobbeombodet ønskjer å vere synleg i media.

	Hordaland haust 2019	Sogn og Fjordane haust 2019	Vestland vår 2020	Totalt
Intervju (avis, radio)	2	2	8	12
Kronikkar	3	0	0	3

Samanslåing og vegen vidare

Frå og med august 2019 starta mobbeomboda i Hordaland og Sogn og Fjordane å samarbeide tettare, slik at tenesta skulle vere klar til å møte Vestland 1.1.2020.

Dei tidlegare mandata til mobbeomboda har ikkje vore heilt like. Det var stor skilnad i innbyggjartal i dei to tidlegare fylka, medan ombodsressursen var den same. Ein naturleg følgje av det er at arbeidsforma utvikla seg noko ulikt. Likevel er erfaringane våre med sakene tilnærma like og vi har ei sams forståing om kva arbeidet skal og bør innehalde.

⁵ www.facebook.com/mobbeombod

⁶ Søk på «mobbeombod».






Å slå saman og bygge ny teneste, medan dagleg arbeid haldar fram, har vore ein krevjande prosess. For å ha kontroll på og overskot til samanslåingsarbeidet, og samstundes ta i vare den viktigaste oppgåva; å hjelpe barn og føresette i saker som gjeld psykososialt miljø, sette vi av tid i januar og februar som vi elles ville ha brukt på førebyggjande arbeid.

Eit halvt år etter samanslåing står vi nærare og stødigare, og ombodstenesta i Vestland er like god som den var i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Hausten 2020 vil vi fortsette å prioritere barnehagane i det førebyggjande arbeidet. Vi vil jobbe med å spreie vår kunnskap til politisk og administrativ leiing i kommunane.

Sommaren 2020 mottok Kunnskapsdepartementet ein rapport om ordninga med mobbeombod. Det blir spanande å få sjå resultatane av denne rapporten og følgje saka vidare i departementet og eventuelt i Stortinget.

Saman for trygge og gode miljø i Vestland!



vestlandfylke.no